

Sunnylven barnehage

Halvårsplan vinter/vår 2025





KVA ER EIN HALVÅRSPLAN?

Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har. På bakgrunn av rammeplanen utarbeidar vi ein halvårsplan som skal spegle dei ulike fagområda frå Rammeplanen 2017. Dette gjer vi gjennom bruk av tema, mål og metodar.

Når halvårsplanen er laga er det den vi tek utgangspunkt i når vi skriv vekeplanar.

KVA ER RAMMEPLANEN?

Rammeplanen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Målet med rammeplanen er å gi styraren, dei pedagogiske leiarane og personalet ei forplikta ramme for å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til barnehagen.

For å lette planlegginga av eit variert og allsidig pedagogisk barnehagetilbod er innhaldet delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring.





Fagområda er i rammeplan er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Verdigrunnlaget til og formålet med barnehagen skal gi retning for og prege arbeidet med fagområda, og barna sin rett til medverknad skal ivaretakast. Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og kjekk del av kvardagen deira. Barna si interesse for fagområda skal stimulerast, og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meiningar. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innafor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.

(“Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen”, 2017)




TEMA FOR VINTER/VÅR

TEMA VINTER/VÅR	
Heile året	Matjungelen Uterommet
10 - 13	Eventyr
14 - 15	Påske
20	17. mai
17 - 27	Livet i naturen



MATJUNGELN




- Året rundt

Matjungelen er eit aktivitetsprogram for barnehagen, der barn kan utforske ein jungel av mat og oppleve matglede i fellesskap. Barna kan leike og lære om mat som er bra for kroppen og kloden.

I Matjungelen kan barn og personale utforske 5 tema:

- **Naturens ressurser**
- **Måltidsglede**
- **Matkultur**
- **Matmot**
- **Matlaging**



Naturen sine ressurser kan bidra til at barna får ei forståing for korleis ein kan vere med på å ta vare på naturen. Dyrking, sanking og hausting kan vere aktivitetar for å få kjennskap til naturen sine ressurser. Saman med barna kan ein undre seg og få erfaring med kvar maten vi et kjem ifrå.

Måltidsglede kan handle atmosfæren i barnehagen. Rundt eit måltid kan ein ha plass til gode samtalar, undring og forteljingar. Måltidsglede kan også handle om tilhøyrighet til fellesskapet, gode smaksopplevingar, og eit godt og variert kosthald.

Matkultur handlar alle dei kulturelle og tradisjonelle aspekta som er knytt til mat og måltid. Det handlar om korleis vi et, kor vi et, med kven og når vi et. Mat er sterkt knytt til identitet, religion og livssyn. Gjennom mat – og måltidsaktivitetar kan barna utvikle interesse, respekt og forståelse for likheiter og ulikheiter som finst i eit fellesskap.

Matmot handlar om å hjelpe barna med å verte nysgjerrige på maten. Det viktig at ein har eit positivt fokus på eksperimentering og utforsking av mat. Barna kan få tid til å smake, lukte og kjenne på maten, som kan bidra til utvikle gode matvanar og eit variert kosthald.

Gjennom **matlaging** kan barna utforske, meistre og erfare korleis vi lagar mat. Sannsynlegheita for at barna vil smake på ny mat, er større om dei har vore med å lage maten. Når barna får oppleve at matlaging er kjekt, kan det skape meir matglede og matkompetanse.

Desse fem tema går alle i kvarandre, og er alle ting som skjer i kvardagslivet i barnehagen. Dette barnehageåret skal vi ha ekstra fokus på desse, og knytte Matjungelen opp mot dei andre tema vi skal ha om. Gjennom å ha fokus på Matjungelen, kan ein også styrke barna sitt språkmiljø og auke begrepsforståinga, ved å setje ord på mat, smakar, konsistens, formar, fargar som omgir barna under måltid, både heime og i barnehagen.

For meir informasjon og tips til aktivitetar og matoppskrifter: www.matjungelen.no





Tema; MATJUNGELEN

Dette er eit tema som vi har gjennom heile året. Men som vi har litt ekstra fokus på i denne årstida.

Når våren nærmar seg, set vi fokus på Naturens ressurser, og det å dyrke sjølve, både inne i vinduskarmen og ute i pallekarmen. Barna skal få erfaring med prosessen frå frø til plante. Kva finn vi i naturen som vi kan ete?



					Fisketur på kaia. Kan vi få en fisk til en middag?	
				Lære seg å ta vare på det vi har sådd	Lære seg å ta vare på det vi har sådd	
		Sette poteter og gulrot i pallekarmen	Sette poteter og gulrot i pallekarmen	Sette poteter og gulrot i pallekarmen	Sette poteter og gulrot i pallekarmen	
	Plante paprikafrø og agurkfrø	Plante paprikafrø og agurkfrø	Plante paprikafrø og agurkfrø	Plante paprikafrø og agurkfrø	Plante paprikafrø og agurkfrø	
Så karse i melkekartonger	Så karse i melkekartonger	Så karse i melkekartonger	Så karse i melkekartonger	Så karse i melkekartonger	Så karse i melkekartonger	
Alder	1-2	2-3	3-4	4-5	5-6	MÅL

METODE;

- Songar og bøker om tema
- Forming
- Passe på plantene våre
- Så frø, sette poteter og gulrot
- Matlaging
- Turar i nærmiljøet

Barnehagen skal bidra til at barna «får innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid» (Rammeplanen, 2017, s.50)



Tema; Eventyr Veke; 10 – 13

Eventyr er noko vi brukar heile året, men som vi legg ekstra vekt på no denne perioden. Vi kjem til å bruke forskjellige eventyr, men «Skinnavotten» og «Gullhår og dei tre bjørnane» vil gå igjen. Vi set fokus på form, farge, størrelse, dyrelodar og namn.



				Lage sitt eige eventyr	↑
				Dramatisere eit eventyr	
		Lage ulike eventyrfigurar av ulikt materiale	Lage ulike eventyrfigurar av ulikt materiale	Lage ulike eventyrfigurar av ulikt materiale	
		Utforske eventyret om «skinnvotten»	Utforske eventyret om «skinnvotten»	Utforske eventyret om «skinnvotten»	
		Få kjennskap til ulike eventyr	Få kjennskap til ulike eventyr	Få kjennskap til ulike eventyr	
Alder	1-2	2-3	3-4	4-5	5-6

METODE;

- Fortelje ulike eventyr
- Synge sangar om eventyra
- Bruk av konkretar
- IKT – sjå ulike eventyr på film
- Dramatisere / rollespel
- Forming
- ASK – dikt eige eventyr
- Lydbøker

«I barnehagen skil barna få erfare ulike måtar å formidle tekster og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur»
(Rammeplanen, 2017)



A group of approximately 15 children are seated along a long, light-colored wooden table in a room with wood-paneled walls. They are engaged in eating and conversation. The table is set with white plates, bowls, and glasses. In the background, a large television is mounted on the wall, and a green door is visible on the right. The atmosphere appears to be a casual meal or snack time.

norsk tradisjon kring påske. Vi nyt dei siste dagane i vinteren, og ser på at våren kjem og nytt liv tek til.

- Bøker om temaet
- Songar
- Turar i nærmiljøet
- Påskevandring i Kyrkja
- Påskeeggjakt
- Forming
- Påskelunsj med Saniteten

«Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidre til at barna får kjennskap til grunnleggjande verdier i kristen og humanetisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnahagen» (Rammeplanen, 2017)



Tema; 17. mai Veke; 19 - 20

Norge fekk si grunnlov 17. mai 1814. Sidan dette har vi feira denne dagen, og kalla den for Norge sin bursdag. Dette er barnas dag, og gjennom dette temaet skal barna få kjennskap til kvifor vi feirer 17. mai, flagget vårt og kulturelle tradisjonar knytta til 17. mai. Vi skal og øve på å synge Norge sin nasjonalsong «Ja, vi elsker».



					Sjekk fana, og øve på å bære denne i 17. mai toget	
				Få kjennskap til kvifor vi feirer 17. mai	Få kjennskap til kvifor vi feirer 17. mai	
			Få kjennskap til ulike tradisjonar knytta til 17. mai	Få kjennskap til ulike tradisjonar knytta til 17. mai	Få kjennskap til ulike tradisjonar knytta til 17. mai	
		Få kjennskap til 1. verset i nasjonalsangen vår	Få kjennskap til 1. verset i nasjonalsangen vår	Få kjennskap til 1. verset i nasjonalsangen vår	Få kjennskap til 1. verset i nasjonalsangen vår	
	Få kjennskap til fargane i det norske flagget	Få kjennskap til fargane i det norske flagget	Få kjennskap til fargane i det norske flagget	Få kjennskap til fargane i det norske flagget	Få kjennskap til fargane i det norske flagget	
Alder	1-2	2-3	3-4	4-5	5-6	MÅL

METODE:

- Samlinger
- Turar i nærmiljøet
- Øve på å gå i 17. mai tog
- Forming
- Matlaging
- Bøker knytt til tema
- IKT – sjå filmar om temaet
- Sjå på det norske flagget
- Bli kjent med enkle omgrep som td Kongen, dronninga, flagg
- Matjungelen; kva er tradisjonsmat på 17. mai?

«Gjennom å delta i barnehagen sitt fellesskap skal barna få mulighet til å utvikle forståelse for samfunnet og den verden dei er en del av» (Rammeplanen, 2017, s. 8)



Tema; Livet i naturen

Veke; 17 - 27

I denne perioden skal vi ta føre oss «frå frø til plante», vårteikn, småkryp om våren og livet i fjøra.

Barna skal bli kjent med småkrypa meitmark, maur og edderkopp, samt frosk. Vi skal lære oss til å ta vare på naturen og dei ulike dyra som lever i den.



				Gardsbesøk, kva skjer på garden om våren?	
			Lage fuglekasse og henge den opp utanfor barnehagen.	Lage fuglekasse og henge den opp utanfor barnehagen.	
	Så blomsterfrø så vi kan pynte barnehagen med egne blomster	Så blomsterfrø så vi kan pynte barnehagen med egne blomster	Så blomsterfrø så vi kan pynte barnehagen med egne blomster	Så blomsterfrø så vi kan pynte barnehagen med egne blomster	
Bli kjent med nærområdet til barnehagen, froskedammen og murtua	Bli kjent med nærområdet til barnehagen, froskedammen og murtua	Bli kjent med nærområdet til barnehagen, froskedammen og murtua	Bli kjent med nærområdet til barnehagen, froskedammen og murtua	Bli kjent med nærområdet til barnehagen, froskedammen og murtua	
1-2	2-3	3-4	4-5	5-6	MÅL

METODE :

- «Lille larven aldrimett»
- Murtua og Froskedammen
- Så frø / poteter / gulrot
- Lære om ulike fugleartar
- Lytte til lydar i naturen
- Turar i nærområdet
- Song og bøker om tema
- Mikroskop og forstørrelsesglass

«Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring» (Rammeplanen, 2017, s. 52)



Tema; UTEROMMET

Heile året

Uterommet er eit viktig rom for leik og læring i barnehagen. I dette temaet ynskjer vi å utvikle forståing og kreativitet for å bruke uterommet aktivt i kvardagen.

Gapahuken er det sentrale rommet vi set fokus på, og målet er at barna skal kunne leike der utan bruk av fabrikkerte leiker.



Alder						MÅL
	Bli kjent med gapahuken	Samle naturmaterialet som er i gapahuken til bruk i leik og formingsaktivitet	Aktivt ta i bruk naturmaterialet som vi samlar i ulike aktivitetar	Delta i planlegging og oppføring av nye installasjonar	Dokumentere arbeidet som blir gjort	
	1-2	2-3	3-4	4-5	5-6	
	Bli kjent med gapahuken	Samle naturmaterialet som er i gapahuken til bruk i leik og formingsaktivitet	Aktivt ta i bruk naturmaterialet som vi samlar i ulike aktivitetar	Delta i planlegging og oppføring av nye installasjonar	Dokumentere arbeidet som blir gjort	
	Bli kjent med gapahuken	Samle naturmaterialet som er i gapahuken til bruk i leik og formingsaktivitet	Aktivt ta i bruk naturmaterialet som vi samlar i ulike aktivitetar	Delta i planlegging og oppføring av nye installasjonar	Dokumentere arbeidet som blir gjort	

METODE;

- Gå i ulendt terreng
- Motorisk trening
- Matematiske omgrep
- Konstruksjonsleik
- Lese bøker
- Synge
- Temasneller og plansjer
- Formingsaktivitetar
- Matlaging

«Personalet skal leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsing og læring. Personalet skal gi barna tid og høve til å stille spørsmål, reflektere og lage egne forklaringar på problemstillingar og til å delta i samtalar om det dei har erfart og opplevd» (Rammeplanen, 2017, s. 52)



LIVSGLEDEBARNEHAGE

Vi har i mange år vore ein livsgledebarnehage. Dette vil vi fortsette med på den måten at vi legg opp til møter mellom generasjonar der vi kan glede kvarandre. Dette kan vere besøk på Omsorgssenteret inne eller ute, ha besøk av eldre i barnehagen, møte eldre på andre arena og gjere ting saman, og oppleve at vi er betydningsfulle og til glede for kvarandre. Stoppe med pensjonistar når vi er ute på tur, ringe på å seie hei.

MOTORISKE AKTIVITETAR

God motorikk er viktig for barna, og vi øver stadig på å utvikle motorikken, både fin- og grovmotorikk. I barnehagen har vi ei hinderløype som vi nytta oss av inne, samt at vi nyttar naturen ute, både i lek og på turar. Vi benyttar oss mykje av gapahuken på barnehageområdet som er ein kjempefin arena for alle aldrar å utvikle sine motoriske ferdigheiter. På vårhalvåret vil vi og nytte oss av alle dei fine turmuligheitene vi har kring barnehagen.

BARNEHAGEDAGEN 2025

«La leiken leve!»

Leiken er det som best beskriver den norske barnehagen sin eigenart. For barn er det å leggje til rette for, rydde plass til, oppmuntre til og delta i lek, det viktigaste personalet i barnehagen gjer.

I rammeplanen for barnehagar står det; «Leiken skal ha en sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast».

Med slagordet «La leiken leve!» vil Barnehagedagen løfte fram barns rett til lek, og leikens betydning for barns opplevelse av en god barndom. Vi vil samtidig ta fram dei «gamle» regelleikane, som td «Hauk og due», «Bro, bro, brille» m.fl. og lære barna desse.





SPRÅK OG KOMMUNIKASJON

Språkmiljø i barnehagen

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna få støtte i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening.

Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling (Rammeplanen, 2017 s.23).

Aktivitetar som styrkar barns språkutvikling:

- Gode samtalar
- Rim og regler, dikt, song, dans og musikk
- Forteljing , høgtlesing og dialogisk lesing
- Leik
- Utforsking av skriftspråket

Språkmiljø :

Språkmiljøet i barnehagen er avhengig av eit kompetent personale, med gode haldningar og som har interesse for språkutvikling til kvar einskild barn.

Kva kjenneteiknar eit godt språkmiljø?

- Å lytte med merksemd og interesse
- Invitere barna med i samtale med opne spørsmål
- Oppmuntre barna til å delta og lytte til andre under lesestund
- Ha bilete/symbol lett tilgjengeleg på avdelinga og i løpet av barnehage kvardagen.

ASK :

Å kommunisere på andre måtar enn gjennom talespråk kallast alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). I barnehagekvardagen brukar vi ASK som ei støtte til språket og som ei støtte til å strukturere kvardagen og dei ulike aktivitetane og overgangane vi har. Dette gjer vi ved å ha ulike plansjer omkring knytt til aktivitet og rom. Barnet får presentert ordet/handlinga visuelt ved at ein brukar bilete/symbol gjennom barnehagekvardagen, og den vaksne formidlar ordet/handlinga verbalt. Barnet får moglegheit til å formidle ved hjelp av peiking på bilete/symbolet, dette kan bidra til mindre frustrasjon i kvardagen.

«Dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine egne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn» (Rammeplanen, 2017, s.27).



VENNSKAP OG FELLESSKAP



..

«Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov» (Rammeplanen 2017 s. 22-23).

I barnehagen skal barna få oppleve og vere ein del av eit fellesskap, der fokuset er på å danne vennskap og gode sosiale relasjonar. Vi i barnehagen er opptatt av å sjå kvar enkelt, å bidra til at barna får ei forståing av kva det vil seie å vere ein god venn. Vi skal legge til rette for at dei lære seg å akseptere kvarandre, vise empati og gi dei ei forståing for at alle er forskjellige, men like viktige.





LEIKEN

Gjennom leiken oppnår barn humor og glede, sosiale tilknytningar og relasjonar til andre barn.



Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leikens eigenverdien skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur.

Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling, der vi i barnehagen skal inspirere og gi rom for ulike typar leik, både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. Personalet i barnehagen skal vere med på å fremje eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede i leik (Rammeplanen, 2017, s. 20).

- Leiken er lystbetont, frivillig, spontan og ikkje målretta.
- Leik er for barnet "på liksom", den ligg utanfor den verkelege verda.
- Leik inneber spenning.
- Leik er førebuing til vaksen alder.
- Gjennom leik skaffar barn seg erfaringar og gjer seg kjent med omgivnadane.

Barn i barnehagen skal i følgje Rammeplanen oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt. Dei skal få oppleve, vurdere og meistre risikofyllt leik gjennom kroppslege utfordringar.

Personalet i barnehagen skal gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet. Igjennom dette skal barna få vidareutvikle motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar. (Rammeplanen, 2017, s. 49-50)





Ulike typar leik:

- Sansemotorisk leik/ funksjonsleik, frå 0 år.
- Rørsleleik / tumbleleik, frå ca. 1 år.
- Samleik / parallelleleik, frå ca. 1,5 år.
- Symbolleik, frå ca. 2 år - 4 år. Regelleik, frå ca. 3 år
- Rolleleik, frå ca. 3 år.
- Fantasileik
- Konstruksjonsleik, frå ca. 3 år.

Gjennom leik lærer barnet seg sjølv å kjenne, og utviklar tillit og respekt i forhold til seg sjølv og kva det er i stand til å meistre av utfordringar.

